

| | |
|---|--------------------------------------|
| Kategori: Ledelse og styringssystem/Oppdrag, mål og strategier | Gyldig fra/til:04.05.2023/04.05.2024 |
| Organisatorisk plassering: Helse Bergen HF/Fellesdokumenter/Ledelse og styringssystem | Versjon: 1.01 |
| Godkjenner: Hatletvedt, Lasse | Retningslinje |
| Dok. ansvarlig: Foretakssekretariatet | Dok.id: D66943 |

1. Føremål med instruksen

Denne instruks beskriver rammene for administrerende direktør sitt arbeid og omhandler ansvar, oppgaver, plikter og rettar. Instruks byggjer på lov om helseføretak og vedtektene for Helse Bergen HF.

2. Overordna rolleavklaring

Styret fastset strategiar og rammer for Helse Bergen HF. Administrerende direktør si rolle er å utvikla og setja i verk strategiar og handlingsplanar på lang og kort sikt i samsvar med styrevedtak og instruksar, og dessutan å fylgja dei opp, jf. § 37 i helseføretakslova.

Styret tilset administrerende direktør, fastset løna og andre tilsetjingsvilkår. Styret skal føra tilsyn med administrerende direktør sitt arbeid. Styret gjer vedtak om å seia opp eller gje administrerende direktør avskil, jf. § 36 i helseføretakslova.

Administrerende direktør deltek på styremøta med mindre særlege grunnar tilseier noko anna. Administrerende direktør har tale- og framleggsrett i styremøtet.

3. Administrerende direktør si avgjerdsrett

Administrerende direktør utøver den daglege leiinga av Helse Bergen HF og skal følgja dei retningslinjer og pålegg som styret har gjeve. Den daglege leiinga omfattar ikkje saker som etter forholda i føretaket er uvanlege eller store. Administrerende direktør pliktar å leggja slike saker fram for styret. Dersom det vil føra til vesentleg ulempe for føretaket si verksemd å venta på vedtak i styret, kan dagleg leiar avgjera slike saker. Styret må i slike tilfelle orienterast om saka snarast råd.

Den nærmare avgrensinga av avgjerdsmakta til administrerende direktør i høve til styret, kan fastsetjast i ei eiga fullmaktsmatrise.

Administrerende direktør representerer føretaket utetter i saker som fell inn under hans avgjerdsrett, jf. helseføretakslova § 39. Dette inneber at dagleg leiar representerer føretaket utetter i saker som høyrer inn under den daglege leiinga i føretaket.

4. Administrerende direktør sine oppgaver

4.1. Overordna føringar

Administrerende direktør skal arbeida for at Helse Bergen HF utfører hovudoppgåvene sine slik det går fram av vedtektene, føretaksprotokollar, styringsdokument, overordna føretaksplan for Helse Vest og strategidokument som er vedtekne av styret i Helse Bergen HF.

Administrerende direktør har ansvar for at regionale oppgåver, mål og strategiar som følgjer av dokumenta som er nemnde ovanfor, vert gjorde kjende og etterlevde i føretaket.

Det er administrerende direktør sitt ansvar å sørgja for at helseføretaket sin eigen visjon, verdigrunnlag og strategiar vert gjorde kjende og etterlevde i organisasjonen.

4.2. Hovudoppgåver

Administrerende direktør sine hovudoppgåver følgjer naturleg av rolla som dagleg leiar av Helse Bergen HF. Nedanfor er ei oversikt over hovudoppgåver som høyrer med i ansvaret til administrerende direktør.

4.2.1. Strategisk planlegging, samordning av oppgåver og budsjettering

Administrerende direktør skal innanfor rammene som styret har fastsett, sørgja for at det i helseføretaket vert gjennomført langsiktig strategisk planlegging, samordning av oppgåver og budsjettering. Dette arbeidet skal utførast i samsvar med dei rammer for samarbeid og samhandling i regionen som er trekte opp av Helse Vest RHF, jf. § 5 i vedtektene.

4.2.2. Rekneskap

Administrerende direktør skal sørgja for at føretaket si registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar er i samsvar med lov og forskrifter og at formueforvaltninga er ordna på forsvarleg måte, jf. helseføretakslova § 37, siste ledd.

4.2.3. Rapportering

a) Informasjon til styret

Administrerende direktør har plikt til å informera styret om føretaket si verksemd, stilling og resultatutvikling. Minst kvar 4. månad (tertial) skal administrerende direktør gje styret skriftleg rapport om situasjonen i Helse Bergen HF, jf. § 38 i helseføretakslova. Rapporten skal innehalda både økonomiske og ikkje-økonomiske forhold, medrekna eit spesielt fokus på helsefagleg kvalitet, innhald og dessutan effektivitet. Særleg må det gjerast greie for føretaket si stilling og utvikling i høve til vedtekne planar og budsjett.

På kvart styremøte skal det orienterast om den økonomiske situasjon og drifta i føretaket. Styret har til kvar tid rett til å krevja at administrerende direktør gjev styret informasjon både av generell art og i saker av særskild interesse. Tilsvarande har administrerende direktør ansvar for å halda styret informert om vesentlege forhold så vel internt som eksternt.

b) Årsmelding og årsrekneskap

Administrerende direktør skal utarbeida framlegg til årsmelding og årsrekneskap til styret. Administrerende direktør har ansvaret for at årsmelding og årsrekneskap vert sende til føretaksregisteret.

c) Rapportering til Helse Vest RHF

Administrerende direktør har ansvar for å førebu rapportering til Helse Vest RHF slik som styret er pålagt etter § 13 i vedtektene for Helse Bergen HF. Dette omfattar årleg melding og kvartalsvis rapportering i samsvar med dei krav som er stilte i § 13 i vedtektene.

4.3. Saksførebuing

4.3.1. Styremøte

Styreleiaren har det formelle ansvaret for styrebehandlinga av sakene. Sakliste vert sett opp av styreleiaren i samråd med administrerende direktør. Administrerende direktør førebur sakene til styremøtet i samråd med styreleiaren. Administrerende direktør kallar inn til styremøta i samråd med styreleiaren.

Administrerende direktør kan krevja at styret vert kalla saman.

Styreprotokollen skal førast i tråd med lov om offentleg innsyn (offentlegheitslova) og krava til utvida offentleg dokumentinnsyn.

4.4. Føretaksmøtet

Administrerende direktør pliktar å møta i føretaksmøtet og har rett til å uttala seg i møtet. Ved lovleg forfall møter ein i hans stad.

4.5. Leiarforum

Administrerende direktør skal delta i det etablerte leiarforumet (direktørmøtet) i Helse Vest.

Administrerende direktør skal sørge for at helseføretaket er representert i dei andre leiarforuma i Helse Vest.

Administrerende direktør har ansvar for at det vert etablert effektive leiarforum og drive gode leiarutviklingsprosessar i helseføretaket. Administrerende direktør skal ha ei eiga leiargruppe i Helse Bergen HF.

4.6. Samarbeidsprosjekt i Helse Vest

Administrerende direktør skal sørge for at helseføretaket deltek i regionale samarbeidsprosjekt som Helse Vest RHF tar initiativ til. Dette omfattar òg nasjonale eller interregionale prosjekt som Helse Vest RHF bed om at helseføretaket deltek i.

4.7. Samarbeid med andre

Administrerende direktør skal medverka til at det vert etablert nødvendig samarbeid med og rettleiing til kommunane både administrativt og klinisk, slik at pasientane vert sikra eit heilskapleg helsetilbod. Det same gjeld fylkeskommunale samarbeidspartar og for andre aktuelle statlege ansvarsområde.

Administrerende direktør skal bidra til at det vert etablert samarbeid med kommunane i helseregionen om utvikling av samhandlingsreforma og målet at pasientar og brukarar får eit heilskapleg tilbod om helse- og omsorgstenester i samsvar med lov om helse- og omsorgstenester.

Administrerende direktør skal bidra til at det vert etablert nødvendig samarbeid med universitet og høgskular i samsvar med ein eigen instruks om samarbeid med helseføretaka.

Administrerende direktør skal gjennom samarbeid og dialog med pasient- og brukarorganisasjonar sikra brukarmedverknad i samsvar med § 35 i helseføretakslova og vedtektene.

4.8. Kommunikasjon og innsyn

Administrerende direktør har ansvar for at det vert utvikla system, rutinar og haldningar som legg til rettes for innsyn og som er eigna til å byggja tillit til og styrkja omdømet til verksemda. I dette arbeidet skal lov om offentleg innsyn og krava til utvida offentleg dokumentinnsyn leggjast til grunn.

4.9. Personal og organisasjon

Administrerende direktør har ansvaret for at Helse Bergen HF er rett organisert og har ein samla kompetanse som sikrar at oppgåvene vert tekne hand om på ein god måte.

Administrerende direktør har ansvaret for at det vert etablert fullmaktsstrukturar som sikrar at det er klåre fullmaktsforhold i verksemda.

Administrerende direktør har ansvar for at det vert utvikla system, rutinar og haldningar som stettar krava til helse, miljø og tryggleik og at det vert lagt til rettes for eit sunt og godt arbeidsmiljø.

4.10. Samfunnsansvar og etikk

I staten sin eigarskapspolitikk er det formulert forventningar om samfunnsansvar på fire hovudområde: menneskerettar, arbeidstakarrettar, førebygging mot korrupsjon og dessutan klima og miljø. Administrerende direktør har ansvar for korleis den samla verksemda påverkar desse områda både gjennom kjøp av varer og tenester og direkte gjennom si eiga verksemd og må difor sørgja for at det er etablert gode rutinar og retningsliner for dette.

Det er uttrykt klar forventning til at verksemdar som staten eig, har etablert etiske retningsliner som del av samfunnsansvaret sitt. Helseføretaka forvaltar sentrale velferdsgode i samfunnet og det er viktig at leiing og tilsette har tillit hjå folk. Administrerende direktør har ansvar for at verksemda har etablert etiske retningsliner som er kjende og som alle tilsette følgjer.

5. Resultatkrav og evaluering av administrerende direktør

Styret skal ein gong årleg gjennomføra evaluering av administrerende direktør. Styret kan fastsetja årlege resultatkrav til administrerende direktør. Styreleiaren skal kvart år ha ein leiarsamtale med administrerende direktør.